



Nynorsk kultursentrum



Årsmelding og rekneskap 2018

Årsmelding og rekneskap 2018

Året som fornøya tradisjonane	3
Nøkkellopplysingar	4
Organisasjonen Nynorsk kultursentrum	5
Forvaltning	9
Forsking	11
Formidling	12
Avdelingane	14
Administrasjonen	
Ivar Aasen-tunet	
Olav H. Hauge-senteret	
Vinje-senteret	
Allkunne	
Rekneskap og revisjonsmelding	16

Framsida, frå venstre:

Direktør 9.2.1999–31.10.2018 Ottar Grepstad og direktør 1.11.2018– Per Magnus F. Sandmark i Forfattarrommet i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet. Foto: Sunniva Lund Osdal/ Nynorsk kultursentrum.

Året som fornya tradisjonane

Det er alltid minst eitt jubileum. I 2018 var dei mange. 2018 var året då Nynorsk kultursentrum nytta feiring etter feiring til å setje nytt lys på fortida, setje preg på samtida og setje fart inn i framtida. Feiringane har synt at makt og kunst kjem frå mange tider og frå heile landet.

Det var 200 år sidan Aasmund Olavsson Vinje blei fødd. Tord Gustavsson lagde musikk til sakprosa då han presenterte tingingsverket *Ferdaminne* på alle dei tre festivalane Nynorsk kultursentrum arrangerte i 2018. Vinje-senteret har fått diktarar, journalistar og forskarar til å skrive nye tekstar til, om og inspirert av Vinje. Hauge-senteret opna ei ny temautstilling om reiselyrakk og Allkunne lanserte temaside om Vinje. Vinje har blitt feira, og jubileet har blitt brukt til å diskutere presse, språk, makt og kultur.

5., 10. og 13. desember 2018 vedtok høvesvis fylkestinget i Telemark, Stortinget og kommunestyret i Vinje å løye 31 millionar kroner for at Vinje kommune kan byggje Vinje-senteret i 2019 og 2020. Ei meir gledeleg avslutning på jubileumsåret var ikkje mogleg.

Det Norske Samlaget var 150 år. Aasen-tunet administrerte nasjonalt digitalt lesedøgn der barn frå heile landet las over 700 000 sider moderne nynorsk barnelitteratur. Saman med Samlaget lanserte Allkunne *Nynorsk litteraturhistorie* i digital utgåve med kvissar, tidslinje og oppdaterte artiklar om forfattarar. Den første teksten om heile den nynorske litteraturen, uavhengig av sjanger og medium, blei òg publisert på allkunne.no.


Ved opninga av den tiande Ulvik poesifestival fekk Erlend Nødtvedt det første Olav H.. Hauge-stipendet til unge lyrikarar. Stipendet er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Ulvik herad og Sparebanken Vest, og blir frå no av delt ut kvar festival.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum hadde 25-årsjubileum. Med gratis arrangement i Aasen-tunet, ei ny jubileumsbok og nytt innhald i dei digitale tenestene fortalde Nynorsk kultursentrum nye forteljingar om stiftinga og emna ho har arbeidd med på mange flater og på mange måtar. Institusjonen fekk mange helsingar både som ord og gråver i høve jubileet.

2018 var også året Nynorsk kultursentrum og mange andre endeleg fekk sagt: Takk, Ottar Grepstad, for alt han har gjort for, med og i Nynorsk kultursentrum og nynorsk skriftkultur. 28. mai 2018 blei Ottar Grepstad slått til riddar av 1. klasse av Den kongelege norske St. Olavs orden for innsatsen han har gjort for nynorsk språk, litteratur og skriftkultur. 31. oktober blei han pensjonist, og 1. november blei Per Magnus F. Sandsmark den andre direktøren i Nynorsk kultursentrum.

Nynorsk kultursentrum er ein nasjonal kulturinstitusjon med base i Ørsta, Ulvik og Vinje. Det faglege arbeidet i institusjonen gir Nynorsk kultursentrum den tyngda som trengst for å vise at dette landet har fleire kulturelle sentrum, ikkje berre ein hovudstad. Med fast verksemd i og tilskot frå tre fylke og fire kommunar i to landsdelar, og aktivitet i 58 kommunar i 2018, har tiltaka våre innverknad både på lokalsamfunn, enkeltmenneske og norsk kulturpolitikk.

Nynorsk kultursentrum 2018



Kommunar og fylke med arrangement eller utstillingar i 2018

Oslo	Vestre Slidre	Os i Hordaland*	Møre og Romsdal
Buskerud	Vestre Toten	Ullensvang	Aukra
Hurum*	Østre Toten	Ulvik	Fræna
Krødsherad*	Telemark	Voss	Giske
Lier*	Bø i Telemark	Sogn og Fjordane	Hareid
Modum*	Tokke	Askvoll	Skodje
Nedre Eiker*	Vinje	Fjaler	Stranda
Røyken*	Hordaland	Flora	Ulstein
Sigdal*	Austrheim	Førde	Vestnes
Oppland	Bømlo	Gaular	Volda
Dovre*	Eidfjord*	Gulen	Ørsta
Gausdal*	Granvin	Hyllestad	Ålesund
Gjøvik	Kvam	Høyanger	Nordland
Lillehammer	Lindås	Jølster	Alstahaug
Nord-Fron	Masfjorden	Naustdal	Vefsn*
Nordre Land*	Modalen	Stryn	Troms
Sel			Lenvik

Kommunane markerte med * har ikkje Nynorsk kultursentrum hatt arrangement i tidlegare. Våre tilsette har i tillegg delteke med faglege innlegg eller i litterære samtalar i tolv andre kommunar.

Organisasjonen

4,1 % sjukefråvær (-2,9)	51 timar over- og plussid per fast tilsett (+ 8)	18,9 årsverk i faste stillingar (+ 2,8)	9 Langtidsplanar
975 500 løyva private gåver og prosjektilskot	345 945 løyva gåveforsterking	13 private tilskots- og gåvegivarar	7 439 000 i marknadsinntekter (+2 130 000)

Stiftinga Nynorsk kultursentrums hovudføremål er å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevelingsenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet. Stiftinga har fast verksemd i Ørsta, Ulvik og Vinje.

Økonomi og vurdering av vidare drift

Med 32 705 000 kr i inntekter og 32 608 000 i kostnader var omsetnaden den tredje største dei 25 åra stiftinga har eksistert. 76 prosent av inntektene var offentlege tilskot og 24 prosent marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Stiftinga har ingen langsiktig gjeld. Resultatet på 174 508 kr styrkjer eigenkapitalen til 4 600 930 kr. Det er grunnlag for vidare drift.

For at eigenkapitalen skal vere på 15 prosent av omsetnaden bør eigenkapitalen vere større enn 4 900 000 kr i 2020. Kostnadene til pensjon og løn passerte 50 prosent av kostnadene i 2017, og var 52 prosent. Inntektene auka med 14 prosent og kostnadene med 19. Berre Vinje kommune kompenserer heilt for løns- og prisvekst. Summen av dette gjer stiftinga meir sårbar. Dette krev omstillingar som aukar marknadsinntektene og prioriterer det viktigaste.

Styret

Kulturdepartementet har oppnemnd Lodve Solholm, Hilde Barstad, Hilde L. Bjørnsvik og Sæbjørn Forberg med Bjørn Lødemel og Sven-Roald Nystø som vara. Janne Nygård og Jon Østbø er oppnemnde av rådet med Ellen C. Kvalsund som vara. Dei tilsette valde Siri Beate Gjerde. Stina Aasen Lødemel var vara til 31.10.2018, Laila Walseth Lid frå 1.12.2018.

Styret behandla 76 saker i 4 fysiske og 4 telefon- og e-post-møte. Dei tilsette ny direktør, vedtok omorganisering av verksemda frå 1.4.2019, behandla med anna nye læreplanar i norsk, kulturmeldinga, regionreforma og konkluderte 7.12.2018 med å ikkje etablere eit diktar- eller dialekthus i Ottadalen.

Rådet

22 institusjonar har oppnemnd rådsmedlemer. Per Halse frå Høgskulen i Volda var rådsordførar og Hege Lothe frå Sogn og Fjordane fylkeskommune varaordførar. Rådet behandla 15 saker i 2 møte. Rådet drøfta korleis institusjonen arbeider med immateriell kulturarv, gjenopptok initiativet om eit nasjonalt forum for nynorskforsking og vedtok høyringsfråsegn om kommunane og fylkeskommunane i den norske kulturpolitikken.

Administrasjonen

I 2018 byrja den første daglege leiaren ved Vinje-senteret Kristian W. Rantala. Direktør Ottar Grepstad gjekk av med pensjon 30.10.2018 og Per Magnus F. Sandsmark byrja som ny direktør 1.11.2018. Dette var stillingsstrukturen i 2018:

Administrasjonen Direktør Økonomisekretær	Ivar Aasen-tunet Dagleg leiar Administrasjonssekretær Bibliotekar Butikkansvarleg Dokumentasjons- ansvarleg Driftsansvarleg Formidlar Kafé- og kjøkenleiar Kommunikasjonsrådgivar Programansvarleg Tunvert	Olav H. Hauge-senteret Dagleg leiar Dokumentasjons- ansvarleg Formidlar Salssekretær	Vinje-senteret Dagleg leiar	Allkunne Redaktør Redaksjonssekretær
--	---	--	---------------------------------------	---

Administrasjonssekretær og kommunikasjonsrådgivar har delte stillingar mellom Administrasjonen og Ivar Aasen-tunet.

I tillegg utførte over 60 personar 4,4 årsverk i engasjement. Utøvarar og leksikonforfattarar som hadde ulike oppdrag hos oss kjem i tillegg.

Helse, miljø og sikkerheit

Organisasjonen har vedteke planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og sikkerheit i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har internkontrollutval. Sjukefråværet var 4,1 prosent (-2,9 frå året før). Fråværet under 16 dagar var 2,4 prosent (-0,8) og over 16 dagar 1,7 (-2,2). Nynorsk kultursentrum har, i tråd med tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, oppdatert retningslinjene om trakassering.


Verksemda forureinar mindre enn tidlegare etter at avdelinga i Aasen-tunet kjøpte ny elvarebil. Den største miljøbelastninga er som følge av reiseverksemda. Aasen-tunet er Fairtrade-sertifisert og Hauge-senteret er Citta Slow-sertifisert.

Likestilling

Ti kvinner og ti menn hadde faste stillingar, fire kvinner og tre menn var styremedlemer, men berre sju av 22 institusjonar har oppnemnd kvinner til rådet. Styreleiar, direktør og rådsordførar er menn. Berre ei kvinne sit i leiargruppa. Kvinner blei oppmoda om å søkje dagleg leiar-stillinga i Aasen-tunet i desember. Det var to fleire kvinner enn menn i kulturprogramma i 2018.

Offentlege tilskot

Tilskotet er oppgitt i heile 1 000 kr, og gjeld faste offentlege løyingar.




Kulturdepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Ulvik kommune og Vinje kommune auka tilskota sine i 2018, men berre auken frå Vinje kommune var like stor eller større enn løns- og prisveksten. Telemark fylkeskommune kom til som ny tilskotsgivar til Vinje-senteret og Litteraturdagane i Vinje. Ørsta og Volda kommunar auka heller ikkje i 2018 tilskota sine. Om tilskotsgivarane over tid held fram med å ikkje kompensere for løns- og prisvekst blir det vanskelegare å nå dei kulturfaglege måla for institusjonen.

Det øyremerka tilskotet til Allkunne er nytta som i tildelingsbrevet. Etter avtale med Kulturdepartementet blei det ikkje gjort tildelingar for Vinje-fondet i 2018. Det blei nytta 26 000 kr til annonsering og administrasjon. Resten av summen er overført til 2019.

Gåver og prosjekttilskot

To gåver frå Sparebanken Vest og Fritt Ord på til saman 450 000 kr i 2017 var grunnlaget for at Kulturdepartementet i 2018 løyvde 112 500 kr i gåveforsterking til artiklar om nynorsk kulturhistorie på allkunne.no. Dette blir gjennomført i 2019 og inntektsført då.


I 2018 fekk Nynorsk kultursentrum 975 500 kr i gåver frå 13 private institusjonar:



Gåvene gjorde det mogleg å dele ut Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar, invitere til framsyninga «Les for livet», produsere artiklar for ungdom om aktuelle emne og gjennomføre Ulvik poesifestival og Dei nynorske festspela. Stiftinga fekk 21.12.2018 233 445 kr i gåveforsterking. Desse blir inntektsførte i 2019 og nytta til formålet det blei søkt om.

Tilskot frå Lom, Skjåk og Vågå kommunar og Oppland fylkeskommune gjekk til å fullføre utgreiinga om eit eventuelt diktarhus i Ottadalen, frå Utdanningsdirektoratet og Sparebanken Vest til ungdomsartiklar på allkunne.no og Norsk kulturråd til tingingsverk til festivalane våre og forskingsprosjekt i Litteraturnettverket. Lom kommune hadde gitt 45 160 kr for mykje i støtte, og dette blir tilbakebetalt i 2019-rekneskapen. 300 000 kr frå Kulturdepartementet har gjort at vi i februar 2019 opnar Språkfakta Interaktiv på allkunne.no.

Sal av billettar, produkt og tenester



Marknadsinntektene auka med 1 743 000 kr til 7 439 000 kr i 2018. Den største auka er billettsal til tre festivalar i staden for éin i 2017 og annonsestøtta frå Sunnmørsposten. Marknadsinntektene aukar med 31 prosent medan dei offentlege aukar med 9 prosent.

Aasen-tunet har flest arrangement, men Hauge-senteret har nesten dobbelt så mykje i billettinntekter. Inntektene i billettsal på eigne arrangement er 63 kr per gjest i Aasen-tunet, 150 kr per gjest ved Hauge-senteret og 72 kr per gjest ved Vinje-senteret. Tala inkluderer festivalane.

Resultata for butikk og kafé er for svake. Samla går butikkane og kafeen med 539 000 kr i underskot. Nettbutikken stod framleis for 15 prosent av salet trass i at talet kundeadresser gjekk ned frå 1 369 til 238 med den nye personvernforordninga. Likevel har nettbutikken større driftskostnader enn inntekter. Dei tre bestseljarane var Aasen-boksar (844 sal, 89 828 kr), oppvaskklut med dialektord (640 sal, 14 428 kr) og Aasen-magnetar (303 sal, 11 453 kr).

Langtidsplanar

Visjon og strategi 2017–2021 ligg fast: «Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst». Vi vil eit samfunn der det er sjølvsagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar, også i alle former for litteratur. Samfunnsoppdraget er å produsere kunnskap og opplevingar som gjer det lettare og enklare å vere nynorskbrukar. Styret vedtok tre nye langtidsplanar: *butikk, kafé og samling, forsking og dokumentasjon*. Organisasjonen har i tillegg langtidsplanar for *digitale tenester, festivalar, kommunikasjon, kulturprogram, sikring og bevaring og utstilling og formidling*.

Nettverksarbeid og samarbeid

Nynorsk kultursentrum leier arbeidet i *International Network of Language Museums*, *Nynorsk forum* med 17 nynorskinstitusjonar og *Fehn-forum*. Vi er medlemer i *Litteraturnettverket*, *Nynorskfylket Sogn og Fjordane*, *Forum for nynorsk i opplæringa* og *Nynorsk frukostmøte Ørsta/Volda*. Vi er ein av fire eigarar av samyrkelaget Norsk Barneblad.

Avdelingane våre er medlemer av Ørsta reiselivslag, Ørsta næringskontor, Ulvik næringslag, Visit Hardangerfjord, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og Virke reiselivsnnettverk.

Nynorsk kultursentrum er medlem av Musea i Møre og Romsdal, deltek i leiarnettverk med musea i Hordaland og har samarbeidsavtalar med Sunnhordland museum og Vest-Telemark museum. Vi deltek i arbeid med samlingsplan og forskingsprosjekt i Møre og Romsdal og var med på å lansere Museumslosen med dei andre musea i Hordaland.

Forvaltning

10 302	744	58 819	115
museumsgjenstandar	audiovisuelle objekt	bøker	hylrometer arkiv
98 %	83 %	58 %	77 %
Registrerte	registrerte	registrerte	registrerte

Nynorsk kultursentrum er den einaste institusjonen som alltid tenkjer nynorsk skriftkultur når kulturarven blir samla inn og forvalta. Samstundes samarbeider Nynorsk kultursentrum med andre institusjonar som har som ein del av oppdraget sitt å dokumentere og forvalte nynorsk skriftkultur.

Samlingsforvaltning

Nynorsk kultursentrum forvaltar samlingar som gir innsikter i nynorsk skriftkultur og menneska sine forhold til språk, skrift, songlyrikk, skriftlyrikk, diktning og journalistikk som ikkje finst andre stader. Det har vore ei prioritert oppgåve i 2018 å få betre oversyn over samlingane våre. Dette har gjort det mogleg å leggje ein plan for å gjere meir digitalt tilgjengeleg.

Boksamlinga etter Olav H. Hauge er lagt til rette for forskarar, og Hauge-senteret formidlar innhaldet i boksamlinga gjennom forskingsartiklar, nettsaker, utstillinger, omvisingar og foredrag.

Fotodokumentasjonen vår, som inkluderer skanningar av delar av fotoarkivet til Norsk Allkunnebok, gjer vi så langt opphavsretten tillét det tilgjengeleg som illustrasjonar i det digitale oppslagsverket allkunne.no og andre digitale tenester.

Dei fleste gjenstandane er registrerte, men fleire bør bli tilgjengelege digitalt. Arbeidet med Hauge-boksamlinga har inspirert Aasen-tunet til å byrje å gjere arbeid med boksamlinga etter Ivar Aasen,

I 2018 byrja Nynorsk kultursentrum på utgreiingar av vår rolle i det vidare arbeidet med forvaltninga av diktarheimen Midtbø, Einar Økland-samlingane og Jon Fosse-arkivet.

Sikring og bevaring

Utstillingsareala er skjerma for lys, fukt og temperatur. Ved Olav H. Hauge-senteret og Ivar Aasen-tunet har Nynorsk kultursentrum eigne rom til sikring og bevaring av arkiv og gjenstandar. Ved Vinje-senteret blir gjenstandar som er stilte ut i Vinjestoga om sommaren oppbevarte av Vest-Telemark museum vinterstid.

Det er behov for betre klimaregulering for Olav H. Hauge-boksamlinga. Det er òg sett i gang arbeid med rydding og avslutning av deponiavtalar for andre for å få betre plass til arkiv og bibliotek i Ivar Aasen-tunet.

I Aasen-tunet henta vi inn handverksfagleg kompetanse til å vedlikehalde og byte ut nokre stokkar i verdas eldste språkmuseum og Noregs eldste personmuseum, Aasen-museet frå 1898. Steinhuset frå 1946 er gjort om til kontorlokale inni, og det er gjort mindre endringar på fasaden etter avtale med fylkeskonservator. Det unike kulturmiljøet i Aasen-tunet er pleidd i 2019, med rydding av skog, og vedlikehald av opphavleg hovudveg mellom

Ørsta og Volda.

Vi har teke over formidlingsansvaret for Vinjestoga, men Vinje kommune har framleis eigaransvaret. Dei restaurerte bygningen i tråd med dei opphavlege handverksteknikkane, som stod klar til jubileumsfeiringa 6.4.2018.

Nynorsk kultursentrum har over dei siste åra spart opp 600 000 kr i eit vedlikehaldsfond. Dette er viktig for å kunne ta vare på bygningar og kulturmiljø som Nynorsk kultursentrum eig eller driv.

Frå 2018 skil Nynorsk kultursentrum mellom historisk/arkivverdig materiale og aktuelt/informasjonsoppslag i dei digitale tenestene. Digitale tekstar, illustrasjonar og andre formidlingsformat blir tekne vare på for ettertida.

Dokumentasjonsarbeidet

Nynorsk kultursentrum gjer viktig dokumentasjonsarbeid for den nynorske skriftkulturen. I 2018 har Nynorsk kultursentrum gitt ut oppdatert oversikt over språkmusea i verda og oppdaterte bibliografiar over skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt, skrifter av og om Ivar Aasen og skrifter av og om Olav H. Hauge.

Arbeidet med nynorsk litteraturhistorie i Allkunne har òg vore eit viktig dokumentasjonsarbeid. Gjennom dette arbeidet fann vi med anna det som truleg var den frøste nynorske teksten på internett, dokumenterte nynorske lærebøker i ulike fagområde i høgare utdanning og samanstilte informasjon om nynorsk litteratur, i skrift og song, estetisk og opplysende, for første gongen.

I det same prosjektet har 86 forfattarar oppdatert eller skrive nye artiklar om 624 personar, institusjonar og emne. Dette har gjort at viktige nynorskfolk har blitt dokumentert og presentert. Med anna har vi no ei ganske komplett oversikt over tidlegare nynorskinstitusjonar i USA.

Immateriell kultur

Bruken av språket til song, dikting og samtale er immateriell kulturarv. Nynorsk kultursentrum syng nynorske songar høgt ved alle festivalane våre og gjer nynorske songar tilgjengeleg for bruk i barnehagar, skular og heimar på tunkatten.no.

Ved Hauge-senteret driv ein aktiv formidling av korleis ein skapar munnleg, sungen og skriven lyrikk. Nynorsk kultursentrum har også dokumentert praksis rundt det nynorske som ikkje er skriftleg, med anna kaffistovene og folkerøystingar og lokale ordskifte om språk i skule, kyrkje og forvaltningar.

Forsking

10 302 Museumsgjenstandar	744 audiovisuelle objekt	58 819 bøker	115 hyllemeter arkiv
98 % Registrerte	83 % registrerte	58 % registrerte	77 % Registrerte

Nynorsk kultursentrum gjer forsking og bidreg til utvikling av ny kunnskap om nynorsk skriftkultur.

Forskningsprosjekt

Nynorsk kultursentrum har leidd arbeidet med prosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» i Litteraturnettverket og tre tilsette skreiv til saman tre artiklar i boka *Forfattarens skriftstader* som blei gitt ut i 2018. Ein tilsett bidrog også med to kapittel i boka *Language museums* på Routledge, som kjem i 2019.

Hauge-senteret har koordinatorrolla i forskningsnettverket «Nettverk for poetisk tenking», med årlege seminar om lyrikk. Dette nettverket, som er etablert etter initiativ frå Nynorsk kultursentrum, har ført til at sju fagfellevurderte artiklar har blitt publiserte av andre i andre institusjonar.

Styret har vedteke å prioritere boksamlingane etter Hauge og Aasen, lyrikk i bruk, stadfesting av nynorsk skriftkultur og skrivande nynorske kvinner som emne for forsking. I 2018 fekk Nynorsk kultursentrum, Sunnmøre museum, Nordmøre museum og Romsdalsmuseet løyving frå Kulturrådet til å etablere forskningsprosjektet: *Fogderifylket Møre og Romsdal*. To tilsette er med i forskargruppa for skriftkultur ved Høgskulen i Volda.

Kompetanse

31.12.2018 hadde stiftinga åtte tilsette mastergrad. Det hadde dei i faga filosofi, kulturhistorie og museologi, medievitskap, musikkvitskap (2), nynorsk skriftkultur, litterær omsetjing og visuell kunst. To tilsette har publisert fagfellevurderte artiklar, og fem har skrive artiklar i årbøker og andre fagbøker.

Nynorsk kultursentrum har dei siste åra gjort fleire grep for å fremje kompetansebygging i organisasjonen. Alle tilsette har rett til tre skjerma dagar til fagleg eigenutvikling i året. Dette kjem i tillegg til kurs og seminar. Kvalifisering som konservator NMF, førstekonservator NMF eller fullført master- eller doktorgrad medan ein er tilsett gir automatisk lønsauke.

Tre tilsette har særskilde avtalar om vidareutdanning. Ein tilsett har søkt autorisering som konservator NMF. To tilsette arbeider målretta med å nå kvalifiseringskrava til autorisering.

Formidling

17,3 brukarar på nettstadene per gjest	61 % barn og unge av gjestene	27 utebibliotek og lyrikk på stølar	54 151 avspelingar av lydbøker og songar
27 omvisarar i Ørsta, Ulvik og Vinje	80 foredrag og presentasjonar	36 temautstillingar til utlån	75 % trur dei kjem tilbake til neste festival

Gjennom kunnskap og opplevelingar skal vi gjere det enklare og kjekkare å vere nynorskbrukar. Tilboda våre i utstillingane, på festivalane, i kulturprogramma, på turne og på nettstadene våre skal glede og opplyse gjestene våre.

Utstillingar og omvisingar

Ved dei tre avdelingane våre skal publikum lære om verka og virket til Ivar Aasen i Aasen-tunet, Olav H. Hauge ved Hauge-senteret og Aasmund Olavsson Vinje i Vinjestoga. Nynorsk kultursentrum meiner vi skapar større forståing for det desse gjorde og har tydd ved å setje dei i nasjonale, internasjonale, historiske og samtidige samanhengar.

I Aasen-tunet formidlar vi nynorsk skriftkultur og kva skriftspråk tyder for menneska. Ved Hauge-senteret formidlar vi lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser. Ved Vinje-senteret skal vi formidle journalistikk og dikting.

Utstillingane våre består av mange små forteljingar og ulike perspektiv. Vi let mange kome til orde ved å sitere dei. Saman med utstillingane har vi stor tru på den personlege omvisinga. Om somrane får alle gjester tilbod om fri omvising inkludert i utstillingsbilletten. Språk og litteratur er kjernen i møtet mellom gjestene og tilboda våre. Ivar Aasen-tunet er teikna av Sverre Fehn, og vi tilbyd også arkitekturomvisingar.

I utstillingane er det også aktivitetar, filmvising og høve til å fordjupe seg i bøker, tidsskrift eller på skjerm. Vi har òg ein poesiverkstad med enkle og artige skriveoppgåver for alle aldersgrupper ved Hauge-senteret. Det er eigne barneopplegg i begge basisutstillingane, både som familiar kan gjere sjølve, og eigne omvisingar og arrangement.

Tunkatten Lurivar har 11 utebibliotek på Sunnmøre og i Nordfjord med ny nynorsk barnelitteratur. 2 413 skreiv namna sine i bøkene i 2018. I Ulvik har 16 stølar poetiske tekstar.

Kulturprogram og festivalar

Alle dei tre driftsavdelingane har eit årleg kulturprogram med arrangement i og utanfor anlegga dei driv. Kulturprogrammet og festivalane består av foredrag, litterære samtalar, høgtlesing, familiedayar og konsertar.

I Aasen-tunet formidlar dei litteratur på nynorsk og dialekt, og kunnskap om språk og skrift. Ved Hauge-senteret formidlar dei lyrikk i mange former og på fleire språk. Programmet i regi av Vinje-senteret tek utgangspunkt i journalistikk og dikting.

Denne klare profilen skil tilbodet ved avdelingane frå tilboda ved bibliotek og kulturhus i nærområda.

Den kulturelle skulesekken og anna skuletilbod.

Det skriftspråklege mangfaldet i Noreg skal også synest i Den kulturelle skulesekken. 7 771

elevar og lærar såg produksjonane våre i Den kulturelle skulesekken. 10 347 barn deltok i andre pedagogiske tilbod i avdelingane. Nynorsk kultursentrum har for tida fire produksjonar for Den kulturelle skulesekken på turné. Den nyaste, *Les for livet!*, for 5.–7. steget hadde førpremiere i Ulvik og premiere i Sogn og Fjordane.

Digitalt nærvær

Nynorsk kultursentrum driv det nynorske oppslagsverket Allkunne og barnenettstaden tankatten.no i tillegg til nettbutikk og nettstader for avdelingane og festivalane.

Allkunne er det viktigaste tiltaket vårt for å sikre nynorsk innhald på internett. 25 341 artiklar skrivne, redigerte og språkvaska av profesjonelle om all verdas emne er tilgjengelege på nynorsk berre fordi dette tiltaket finst.

Tankatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for barn mellom 5 og 12 år om nynorsk språk og litteratur. Desse opna i ny drakt 1.2.2018. Det er 13 originaltekstar om Lurvar av ulike forfattarar, 15 lydbøker, ordliste, boktips og over 70 låtar tilgjengelege med lydfiler og notar.

Nettstadene til avdelingane inneholder i tillegg til informasjon om tilboda våre mykje fagstoff om emna Nynorsk kultursentrum arbeider med. Dei faglege artiklane og litteraturutdrag er dei mest lesne sidene på nettstadene.

Nynorsk kultursentrum var medarrangør med Det norske samlaget under Nynorsk digital lesefest hausten 2018.

I 2018 blei nye tekstar om Ivar Aasen, Olav H. Hauge, Aasmund Olavsson Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Aaslaug Vaa, nynorsk, bokmål, nynorskpressa i Amerika og nynorsk litteraturhistorie omsette til engelsk. På den måten blir viktig norsk kulturhistorie gjort tilgjengeleg for eit internasjonalt publikum.

Samfunnsrolle

Nynorsk kultursentrum vil endre Noreg. Nynorsk skal vere sjølvstendig når som helst og kor som helst. Gjennom forsking og formidling syner vi fram kva skrift, språk, litteratur og journalistikk tyder for menneska. Dette supplerer vi med politisk engasjement, høyringsfråsegner og ei aktiv rolle som sekretariat for Nynorsk forum.

Publikumsutvikling

Nynorsk kultursentrum har kvart år publikumsundersøkingar ved festivalane og utstillingane våre. Vi nyttar dette til å skape betre tilbod og nå nye brukarar.

Universell utforming

Nettstadene følgjer retningslinjene for universell utforming. Utstillingane våre er tilgjengelege for personar med nedsett rørsleevne. Alle arrangement i Aasen-tunet er tilrettelagde med teleslynge. Vi har eigne retningslinjer for universell utforming av tekstar, talar og publikasjonar. Det er fri inngang ved utstillingar og arrangement med følgjekort.

Kulturelt mangfold

Vi syner det fleirspråklege Noreg, både historisk og i samtida, i utstillingane våre. Kvart år har vi òg arrangement på den internasjonale morsmålsdagen om språk eller lyrikk frå heile verda.

Høgdepunkt frå avdelingane

Arbeidet i kvar avdeling er utdjupa i administrasjonens årsrapport.

Administrasjonen

2,9 Årsverk	170 eksterne møte	124 publikasjonar og foredrag	944 medieoppslag (+416)
----------------	----------------------	-------------------------------------	----------------------------

Viktigaste kulturfaglege resultat

25-årsjubileet blei feira med utgiving av 25-årsbok, feiring 28.9.2018 med eit gratis og ope arrangement i Aasen-tunet og middag for inviterte gjester. Det var til saman 530 gjester på arrangementa. Det blei òg delt artiklar om institusjonshistoria på nettstadene og i sosiale medium. Fleire større forskings- og dokumentasjonsprosjekt blei fullførte og oppdaterte i 2018, blant anna Ivar Aasen-bibliografien, Language museums og Den nynorske litteraturen.

John Ragnar Aarset blei årets nynorskbrukar. Arnfinn Kolerud fekk jubileumsstipendet. Erlend O. Nødtvedt vann Olav H. Hauge-stipendet.

Ivar Aasen-tunet

12,3 Årsverk	258 783 besök på nettstadene (-3 943)	8 310 følgjarar i sosiale medium (+819)	1 027 medieoppslag (+ 10)
23 900 gjester (+3 840)	2 967 Gjenstandar	1 856 018 omsetting butikk og kafé (+ 146 478)	3 utlånte temautstillingar

Viktigaste kulturfaglege resultat

Utstillinga *Eg er* om nynorsk identitet opna i 2018 og formidla mangfaldet blant nynorskbrukarar. På Festspela var det premiere på tingingsverket *Ferdaminne* av Tord Gustavsen. 200 skular med nesten 10 000 elevar las til saman over 700 000 sider nynorske barnebøker på nynorsk digital lesefest, saman med Det Norske Samlaget. Tunkatten.no opna i ny drakt, og er meir tilgjengeleg for barn og lærarar.

Olav H. Hauge-senteret

4,9 Årsverk	37 741 besök på nettstadene (+10 048)	5 011 følgjarar i sosiale medium (+572)	395 medieoppslag (+ 138)
10 360 gjester (+3 435)	6 277 Gjenstandar	293 035 omsetting butikk (+75 131)	1 ny skulesekk- produksjon

Vitigaste kulturfaglege resultat

Den nye teaterframsyninga *Les for livet!* av Lars Mæhle er ein nyskapande måte å formidle barnelitteratur på for skuleelevar. Framsyninga, som hadde premiere i september, har

allereie blitt tatt ut til fleire visningsprogram for litteraturproduksjonar i Den kulturelle skulesekken. Nettverket for poetisk tenking arrangerte seminaret *Lyrikk i krisetider* og det kjem ei artikkelsamling våren 2019. Til Poesifestivalen skreiv fleire poetar nye dikt i dialog med dikta til Olav H. Hauge, som blei publiserte på haugesenteret.no.

Vinje-senteret

1,3	12 309	1 097	340
Årsverk	besøk på nettstadene (+7 688)	følgjarar i sosiale medium (+1 015)	medieoppslag (+ 135)
3 594	15	104 890	65
gjester (+3 426)	Gjenstandar	omsetting butikk (+ 104 890)	dagar med omvising i Vinjestoga

Viktigaste kulturfaglege resultat

Nynorsk kultursentrum tok over og fornya omvisingane i Vinjestoga og gjennomføringa av Litteraturdagane i Vinje. I samband med Vinje-jubileet blei skribentar i mange sjangrar utfordra til å skrive nye tekstar om og i dialog med Vinje. Bygget ved Vinje-senteret er fullfinansiert, og det er sett ned ei utstillingsgruppe som greier ut innhaldet ved senteret.


Allkunne

1,9	389 741	9 073	302
Årsverk	besøk på nettstaden (+90 274)	følgjarar i sosiale medium (+ 904)	medieoppslag (+ 115)
38	25 341	666	708
forfattarar og konsulentar i arbeid	publiserte artiklar (+311)	sletta artiklar (+ 666)	nye foto og videoar (+118)

Viktigaste kulturfaglege resultat

I 2018 tetta Allkunne viktige hol, som gjer allkunne.no til den mest fyldige kjelda for nynorsk kulturhistorie. Avdelinga publiserte også lettlesne artiklar i natur- og samfunnsfag for ungdomsskulen, og har no artiklar innanfor alle dei store fagområda.

Hovdebygda, 27. februar 2019



Lodve Solholm, styreleiar



Hilde Barstad, nestleiar



Hilde Løkensgard Bjørnsvik



Sæbjørn Forberg



Siri Beate Gjerde



Janne Nygård



Jon Østbø



Per Magnus J. Sandsmark, direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Sal av varer		3 618 849	2 917 911
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	26 374 666	23 623 534
Billettsal		1 622 810	827 804
Sponsorinntekter og annonser		606 925	482 958
Andre inntekter		482 165	754 873
Sum driftsinntekter		32 705 415	28 607 080
Varekostnad		1 423 854	1 094 536
Lønskostnader m.m.	4	17 100 131	13 889 754
Ordinære avskrivningar	6	656 806	550 608
Leigekostnader		886 177	457 666
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 302 986	1 227 302
Reparasjonar og vedlikehald		361 415	458 717
Reise/opphold		1 965 009	1 414 297
Honorar	4	3 538 747	3 738 723
Marknadsføring		2 201 687	1 417 214
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 681 876	1 751 002
Andre driftskostnader		1 488 901	1 367 060
Sum driftskostnader		32 607 590	27 366 879
Driftsresultat		97 825	1 240 201
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		79 077	88 772
Rentekostnader		2 394	1 344
Resultat av finanspostar		76 683	87 428
Ordinært resultat før skattekostnad		174 508	1 327 629
Ordinært resultat		174 508	1 327 629
Årsoverskot	5	174 508	1 327 629
Overføringer			
Avsett til forpliktingar	5	0	950 000
Overføringer annan eigenkapital	5	174 508	377 629
Sum overføringer		174 508	1 327 629

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigedelar	Note	2018	2017
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg			
	6	2 516 990	2 530 874
Inventar og utstyr	6	1 771 464	1 150 575
Sum varige driftsmiddel		4 288 454	3 681 449
Finansielle driftsmiddel			
Sum anleggsmiddel		4 288 454	3 681 449
Omløpsmiddel			
Varelager	3	1 244 845	1 140 060
Krav			
Kundar	2	95 049	295 086
Andre krav	2, 7	737 452	495 448
Sum krav		832 500	790 534
Bank, kasse (bundne midlar: 525.014)		4 896 096	5 279 324
Sum omløpsmiddel		6 973 441	7 209 918
Sum eigedelar		11 261 896	10 891 367

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	5	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	5	4 330 929	4 156 422
Sum opptent eigenkapital		<u>4 330 929</u>	<u>4 156 422</u>
Sum eigenkapital		<u>4 600 929</u>	<u>4 426 422</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Avsetjing til forpliktingar	5	1 700 000	1 700 000
Leverandørgjeld	7	906 677	1 016 955
Trekk og offentlege avgifter		1 104 317	1 016 727
Påkomne kostnader		1 556 364	1 475 746
Periodiserte tilskot		1 393 608	1 255 518
Sum kortsiktig gjeld		<u>6 660 966</u>	<u>6 464 946</u>
Sum gjeld		<u>6 660 966</u>	<u>6 464 946</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>11 261 896</u>	<u>10 891 367</u>

(1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 27.2.19

Lodve Solholm
Styreleiar

Hilde Johanne Barstad
Nestleiar

Jon Østbø
styremedlem

Sæbjørn Forberg
styremedlem

Janne-Kristin svarstad Nygård
Styremedlem

Hilde L. Bjørnsvik
Styremedlem

Per Magnus Finnanger Sandsmark
Direktør

Siri Beate Gjerde
Hovden og Vatne Statsautoriserte Revisorar AS
Styremedlem

NOTAR for 2018

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følgje av renteendring.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar. Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2018)	2018	2017
Kulturdepartementet	19 474 058	19 579 454
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	140 200	137 500
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	997 000	934 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	150 000	150 000
Tilskot frå Ulvik kommune	2 169 200	1 095 000
Tilskot frå Vinje kommune	975 000	939 095
Tilskot frå Lom kommune	301 535	148 465
Tilskot Norsk kulturråd	374 347	198 571
Andre offentlege tilskot	284 600	40 000
Andre tilskot	918 726	251 450
Gåvermidlar	590 000	150 000
Sum tilskot	26 374 666	23 623 534

Note 2 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3 Varelager

Varelageret vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.	2018	2017
Lønskostnad	12 453 910	10 579 870
Folketrygdavgift	2 087 816	1 684 514
Oppg.pl. honorar	1 204 458	707 229
Pensjonsytingar	1 075 193	759 935
Andre ytingar	278 754	158 206
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	17 100 131	13 889 754
	23,3	19,7

Ytingar til leiande personar	Avgått dagleg leiar	Ny dagleg leiar	Styreleiar	Styre- medlemmer
Løn, styrehonorar og liknande	950 745	141 666	112 000	123 525
Andre ytingar	4 733	2 019	0	
Sum	955 478	143 685	112 000	123 525

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2018 utgjer kr 41.400,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 9.200,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 22 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5 Eigenkapital

	2018	2017
Grunnfond 31.12.	270 000	270 000
Annan eigenkapital 1.1	4 156 422	3 778 793
Årsresultat	174 508	1 327 629
Avsett til forpliktingar	-	-950 000
Sum annan eigenkapital 31.12	4 330 929	4 156 422
Sum eigenkapital 31.12.	4 600 929	4 426 422

Av årets resultat er kr 0 avsett til definerte prosjekt.

Note 6 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg

Kostpris 1.1.
+ Tilgang
- Avgang
- Tilskot frå Det kongelege kulturdepartement
-Overføring frå eigne avsetjingar
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12
Akk. avskrivningar 31.12.
Bokført verdi 31.12
Avskrivningar i år
Avskrivningssats

	Inventar/ utstilling/bil	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris 1.1.	17 297 837	7 953 393	43 800 000	69 051 230
+ Tilgang	1 044 497	219 314	0	1 263 811
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot frå Det kongelege kulturdepartement	0	0	0	0
-Overføring frå eigne avsetjingar	-75 000	-250 000	0	-325 000
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-13 261 541	-3 914 500	-43 800 000	-60 976 041
Akk. avskrivningar 31.12.	-3 234 330	-1 491 216	0	-4 725 546
Bokført verdi 31.12	1 771 464	2 516 990	0	4 288 454
Avskrivningar i år	423 609	233 198	0	656 806
Avskrivningssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtekten for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

Medlemmer i Den norske Revisorforening

Autorisert rekneskapsførarselskap

Org.nr. 987 832 916 MVA

E-post: firmapost@h-v.no

www.h-v.no

Til styret i
Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Nynorsk kultursentrum sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 174.507,91. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoene, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er også ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiari sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiari (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å

ØRSTA:	EID:	STRYN :
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 16, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerder, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meiningsa vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerder eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjelder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerder eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misgjerder ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje sidan misgjerder kan innebere samarbeid, forfalsking, medvetne uteleatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll, som er relevant for revisjonen for å utvikle revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meinинг om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoен for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektenes elles.

Ørsta, 27.2.2019

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Dag Hopland
statsautorisert revisor